



Møteinnkalling

FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

Utval:	Fellesnemnd Ullensvang kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen i Odda
Dato:	12.12.2018
Tidspunkt:	09:00

Forfall skal meldast til Jondal kommune sitt sentralbord tlf.nr. 53 66 95 00 eller til Ragnvald Joakimsen på tlf.nr. 45 47 41 81.

Er nokon ugilde i ei sak, må det meldast frå om dette.
Varamedlemmer møter berre ved mottak av eigen innkalling.

Sak nr:	Sakstittel:
047/18	Godkjenning av protokoll
048/18	Renovasjonsordning Ullensvang kommune 2020
049/18	Delegeringsreglement 2020 - 2024
050/18	Metode- og kategorival for overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for samfunnstryggleik og beredskap for Ullensvang kommune
051/18	Stadfesting av planprogram



Arkiv: K1 - 033
Arkivsak ID: 18/1316 - 1
Journalpost ID: 18/18075
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 28.11.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	12.12.2018	047/18

Godkjenning av protokoll

Dokumentnr	Tittel
372611	Protokoll - Fellesnemnd Ullensvang kommune - 09.11.2018

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda godkjenner vedlagt protokoll fra førre møte

prosjektleder Ole-Jørgen Jondahl



Arkiv: K1 - 223
Arkivsak ID: 18/1104 - 6
Journalpost ID: 18/17842
Saksh.: Ole-Jørgen Jondahl
Dato: 25.11.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	04.12.2018	024/18
Fellesnemnd Ullensvang kommune	12.12.2018	048/18

Renovasjonsordning Ullensvang kommune 2020

Dokumentnr	Tittel
373712	IHM Powerpoint Ullensvank kommune 22.10.2018
373713	IHM Årsmelding 2017
373714	Notat om organisering av renovasjonen i Ullensvang kommune 16.10.2018
373821	K-sak 46-1993 - Interkommunalt avfallssamarbeid - deltaking i selskap
373822	Vedtekter for Indre Hordaland Miljøverk

Prosjektlear sitt forslag til

innstilling:

1. Ullensvang skal fortsatt vera eigar i IHM, og held fram frå 1.1.2020 med IHM IKS for sone Jondal kommune og sone Ullensvang herad.
2. Sone Odda vert frå 1.1.2020 handtert av kommunal renovasjon frå Ullensvang kommune.
3. Prosjektlear får i oppdrag i forhandla fram ny selskapsavtale frå 1.1.2020 med IHM IKS for sone Jondal kommune og Ullensvang herad.
4. Prosjektlear får i oppdrag å gjera ei grundige utgreiing av renovasjonsordninga i Ullensvang kommune. Utgreiinga skal berre sjå på alternativa; IHM og kommunal regi. Utgreiinga skal liggja føre i forkant av budsjetthandsaming for 2020. Utgreiinga skal ta føre seg:
 - Kostnader knytta til dei ulike ordningane.

- Investeringar
- Kostnader knytt til eventuell utgong frå IHM.
- Handtering av utstyr og personell i samband med eventuell utgong.

5. Prosjektleiar legg fram sak for det nye kommunestyret i november 2019

Prosjektleiar Ole-Jørgen Jondahl, 25.11.2018

04.12.2018 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Habilitet:

Olav Magnus Hammer stilte spørsmål om eigen habilitet og informerte om bakgrunnen for dette. Utvalet vedtok samrøystes at han var habil til å ta del i behandlinga.

Framlegg frå Roald Aga Haug, Ap:

1. Ullensvang kommune skal ikkje vera eigar i IHM IKS.
2. Jondal kommune og Ullensvang herad sitt eigarskap vert sagt opp frå og med 31.12.2019.
3. Ullensvang kommune skal ha renovasjon i eigen regi. Prosjektleiar får i oppdrag å setja i gang arbeid med renovasjonsordning og leggja fram sak innan juni 2019.
4. Oppseiing må då sendast innan 31.12.2018.

Røysting:

Prosjektleiar sitt forslag fekk 7 røyster og fall, forslaget frå Roald Aga Haug vart vedteke med 8 røyster.

PSU-024/18 Vedtak:

Tilråding:

1. Ullensvang kommune skal ikkje vera eigar i IHM IKS.
2. Jondal kommune og Ullensvang herad sitt eigarskap vert sagt opp frå og med 31.12.2019.
3. Ullensvang kommune skal ha renovasjon i eigen regi. Prosjektleiar får i oppdrag å setja i gang arbeid med renovasjonsordning og leggja fram sak innan juni 2019.
4. Oppseiing må då sendast innan 31.12.2018.

Saka gjeld:

Renovasjonsordning Ullensvang kommune frå 1.1.2020

Jondal kommune og Ullensvang herad er eigar i og har renovasjonsordning i IHM IKS. Odda kommune handterer renovasjon i eigen regi.

Den koordinerte arbeidsgruppa Eigarskap og interkommunalt samarbeid har gjennomført dialogmøte med begge renovasjonsordningane, presentasjonane frå møta ligg ved saka.

Å skulle vurdere dei to ordningane oppmot kvarande krev ei skikkeleg utgreiing. Arbeidsgruppa

si tilråding er å gjera ei slik utgreiing, og henta inn naudsynt kompetanse for samanlikna dei to ordningane.

Det vil og vera naudsynt å handtera alle naudsynte arbeidstakerspørsmål, drøftingsmøter og sakshandsaming knytt til om ein skulle velja IHM IKS og i den samanhengen gjennomføra ein verksemdsoverdraging med renovasjon Odda.

Fellesnemnda kan ikkje vedta verksemdsoverdraging utan forutgåande sakshandsaming, drøftingar og informasjon til dei tillitsvalde og dei tilsette.

Om innstillinga vert vedteken slik ho ligg føre, inneber det at den nye kommunen vil starta opp med to ulike renovasjonsordningar, og slik det ser ut no med ulike renovasjonsgebyr.

Økonomiske konsekvensar:

- a. Driftskonsekvensar
Kostnader knytt til innleige av ekstern bistand i samband med utgreiinga.
- b. Investeringskostnader
Ingen
- c. Finansiering
Kostnader vert dekkja av reservemidlar i budsjett for Fellesnemnda.
Kan vera me må på anbod for oppdraget.

Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:

Jondal kommune og Ullensvang kommune er i dag eigarar i IHM IKS. Selskapsavtalen ligg ved saka.

Nye Voss herad har avgjort at dei vert ståande som eigar i IHM IKS.

Samandrag/ konklusjon:

Det er no berre omlag eit år igjen til ny kommune startar opp, er det prosjektleiar si vurdering at det trengs meir tid til å gjera ei god og kvalifisert vurdering knytt til renovasjonsordninga. Alle tilhøve for dei tilsette i renovasjon Odda må gjerast greie for, og tilhøva knytt til selskapsavtalen for IHM.

Prosjektleiar rår Fellesnemnda til å vedta innstillinga slik ho ligg føre i saka.

Saka skal ekspederast av:	Sakshandsamar
Partsbrev skal sendast til:	Alle relevante partar
	Arkiv



Arkiv: K1 - 030
Arkivsak ID: 18/759 - 2
Journalpost ID: 18/17995
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 21.11.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	04.12.2018	025/18
Fellesnemnd Ullensvang kommune	12.12.2018	049/18

Delegeringsreglement 2020 - 2024

Dokumentnr	Tittel
373940	Delegeringsreglement Ullensvang 2020 -2024, del 1
374369	Delegeringsreglement Ullensvang 2020 - 2024, del 2

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda for Ullensvang kommune vedtek delegeringsreglement i samsvar med utkast til delegeringsreglement for Ullensvang kommune (del 1) og vedlagte utskrifter frå KF Delegeringsreglement (del 2).

Prosjektleiar Ole-Jørgen Jondahl,

04.12.2018 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Røysting:

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

PSU-025/18 Vedtak:

Tilråding:

Fellesnemnda for Ullensvang kommune vedtek delegeringsreglement i samsvar med utkast til delegeringsreglement for Ullensvang kommune (del 1) og vedlagte utskrifter frå KF Delegeringsreglement (del 2).

Saka gjeld:

Delegeringsreglement for Ullensvang kommune.

Dette gjeld delegering frå kommunestyret (fellesnemnda) til andre politiske utval og til rådmannen.

Saksopplysningar:

Til vanleg skal ein kommune rullere eksisterande delegeringsreglement innan første halvår året etter kommunevalet. Ullensvang kommune, som ny kommune, har ikkje eit gjeldande reglement og fellesnemnda bør difor vedta eit reglement som er gjeldande frå dag 1.

Om bakgrunnen for delegering finn ein i del 1, i utkastet til delegeringsreglement.

Koordinert gruppe og prosjektleiar ønskjer å nytte eit elektronisk system for registrering av dei delegeringsvedtaka som gjeld (*KF Delegeringsreglement (KFD)*). Dette er eit system som alle tre kommunane nyttar i dag, rett nok i større eller mindre grad. Systemet er framleis ikkje godt nok for registrering av delegering som ikkje heng saman med konkrete paragrafar i særlover. Koordinert gruppe og prosjektleiar har difor konkludert med at vi legg opp til ei todeling av reglementet vårt etter følgjande mal:

Del 1

Organisatorisk oppbygging

Om delegering

Lovpålagte politiske organ sitt mynde

Andre politiske organ sitt mynde

Del 2

Delegering etter særlover

Del 1

Del 1 inneheld ein del informasjon om delegering og ein del avklaringar.

Her vil ein også finne kva ansvarsområde dei enkelte utvala har.

Del 2

Del 2 inneheld dei delegeringsvedtaka som gjeld i høve til såkalla særlover, dvs. lover som omhandlar eit bestemt emne, som t.d. barnehagelova og jordlova. Det som er gjeve av delegeringsvedtak for særlover vil bli registrert i KFD. Talet på særlover som ligg inne i KFD er mellom 150 og 200 lover. I tilknytning til desse lovene er kommunen gjeve eit eller anna avgjersmynde eller det ligg ein plikt på kommunen i større eller mindre grad. Nokre av desse lovene er sentrale og viktige lover for kommunen si verksemd, som t.d. opplæringslova, helse- og omsorgstenestelova, barnehagelova og plan-og bygningslova. Andre er noko meir perifere i høve til dagleg drift av vår nye kommune som t.d. finnmarkslova og kosmetikklova.

Denne saka gjeld delegering frå kommunestyret til andre politiske organ og til rådmannen.

Det vil også vere mogleg at t.d. formannskapet vidaredelegerer nokre av sine fullmakter. Dette vil i så fall bli eiga sak i eit framtidig formannskap.

Seinare vil det også bli utarbeidd eige delegeringsreglement frå rådmann til kommunalsjefar/verksemdsleiarar, men det vil ikkje bli politisk sak.

Vurdering:

Prosjektleiariar legg nå opp til å vedta eit delegeringsreglement som skal gjelde for kommunestyreperioden 2019 – 2023. Dette betyr ikkje at det ikkje kan gjerast endringar i reglementet seinare i perioden. Prosjektleiariar ser det som truleg at det vil kome ei rullering av dette reglementet allereie hausten 2019. Dette kan skje som følgje av at fellesnemnda i perioden fram mot neste årsskifte vil vedta planar, reglement og retningslinjer som kan få innverknad på delegeringsreglementet. Det kan og skje endringar i eksisterande lover og det kan kome nye lover som det er mogleg å delegerere i høve til. Vi vil t.d. få ei ny kommunelov som vil ha innverknad på ei rekkje henvisingar til konkrete paragrafar i både del 1 og 2 i framlegg til reglement.

Det vil vere naturleg at det nye kommunestyret får delegeringsreglementet opp til behandling tidleg i sin funksjonsperiode, kanskje allereie før årsskiftet 2019/2020. Ein viktig årsak til at ein likevel vil legge fram denne saka nå er at arbeidet med reglement for politiske styre, råd og utval er avhengig av eit delegeringsreglement.

Etter kvart vil prosjektleiariar, seinare rådmannen, difor kunne kome med saker der ein fattar nye vedtak i høve til andre særlover eller går meir i detalj for særlover som allereie delvis er behandla.

Ved å ta i bruk KFD vil kommunen til ei kvar tid ha ei god oversikt over kva lover det er mogleg å fatte delegeringsvedtak etter. Kva for paragrafar det er fatta konkrete delegeringsvedtak etter vil gå fram av del 2 av reglementet.

Kommunen har mellom 150 og 200 einskildlover som det er mogleg å delegerere i høve til.

Det vil i denne saksførebuinga til ikkje vere mogleg å gå gjennom og kommentere den enkelte delegering det er gjort framlegg om i del 2. Prosjektleiariar sitt framlegg er i tråd med dei forslag som koordinert gruppe har lagt fram. Desse bygger igjen på dei delegeringsreglementa som er gjeldande i kommunane i dag.

Gjennom dette reglementet sin del 1 freistar ein også å fordele ansvarsområda mellom dei ulike utvala. Dette gjeld først og fremst mellom formannskapet, utval for samfunn, plan og næring og utval for kultur og levekår. Dette har ein gjort ved å "fordele" særlovene mellom desse utvala. Dette kjem i tillegg til dei konkrete delegeringane som er knytte til einskildparagrafar i kvar lov.

Følgjande særlover er i framlegget frå prosjektleiariar lagt inn under bestemte utval sitt ansvarsområde:

Særlover som ligg innafor formannskapet sitt ansvarsområde

- Anskaffelseslova
- Arkivlova
- Diskriminerings- og tilgjengelighetslova
- Diskrimineringslova om etnisitet
- Diskrimineringslova om seksuell orientering
- Domstollova

- Eigedomsskattelova
- Finansavtalelova
- Flagglova
- Folkeregisterlova
- Forsikringsverksemdslova
- Forsinkelsesrentelova
- Forsøk i offentlig forvaltning
- Forvaltningslova
- Interkommunale selskapslova
- Kyrkjelova
- Kommunal forkjøpsrett til leigegardar
- Kommunelova
- Konfliktrådslova
- Konesjonslova
- Industrikonesjonslova
- Inndelingslova
- Krigspensjon for sivile
- Krigspensjon for militærpersonar
- Krigsskadeerstaningslova
- Krigsskadestønadslova
- Likningslova
- Likestillingslova
- Merverdiavgifts- kompensasjonslova
- Offentleglova
- Pantelova
- Partilova
- Personopplysningslova
- Plan- og bygningslova (kommuneplanen)
- Pliktavleveringslova
- Politilova
- Rekneskapslova
- Rekvisisjonslova
- Sikkerheitslova
- Sivilbeskyttelseslova
- Sjømannspensjonstrygdlova
- Merverdiavgiftlova
- Mållova
- Skattebetalingslova
- Skattelova
- Skjønnsprosesslova
- Statens Pensjonskasselov
- Stiftingslova
- Straffelova
- Straffeprosesslov
- Strålevernlova
- Truomssamfunnslova
- Tvangsfullbyrdingslova
- Tvistelova

Særlover som ligg innafor administrasjonsutvalet sitt ansvarsområde

- Arbeidsmiljølova

Særlover som ligg innafor valstyret sitt ansvarsområde

- Vallova

Særlover som ligg innafor råd for eldre sitt ansvarsområde

- Eldrerådslova

Særlover som ligg innafor råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt ansvarsområde

- Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Særlover som ligg innafor utval for samfunn, plan og næring sitt ansvarsområde

- Akvakulturlova
- Alkohollova
- Beitelova
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Burettsslova
- Bygdeallmenningslova
- Dyrehelsepersonellova
- Eigarseksjonslova
- Fjellova
- Forpaktingslova
- Forureiningslova
- Friluftsslova
- Geodatalova
- Grannelova
- Grannegjerdelova
- Hamne- og farvatnlova
- Hanndyrlova
- Helgedagsfredlova
- Hundelova
- Husbanklova
- Jordlova
- Jordskiftelova
- Kosmetikklova
- Lakse og innlandsfiskelova
- Luftfartsslova
- Matlova
- Matrikkellova
- Miljøinformasjonslova
- Minerallova
- Motorferdslelova
- Naturmangfaldsslova
- Naturskadelova
- Næringsberedskapslova
- Odelslova
- Oreigningslova
- Plan- og bygningslova (alt unnateke kommuneplanen)

- Serveringslova
- Skogbrukslova
- Småbåtlova
- Statsbidrag til skytebanarlova
- Tomtefestelova
- Vassressurslova
- Vass- og avløpsanleggslova
- Vassdragsreguleringslova
- Veglova
- Vegtrafikklova
- Viltlova

Særlover som ligg innafør utval for kultur og levekår sitt ansvarsområde

- Abortloven
- Adopsjonsloven
- Barnehagelova
- Barnelova
- Barnevernlova
- Bustøttelova
- Film- og videogramlova
- Folkebibloteklova
- Folkehelselova
- Gravferdslova
- Helse- og omsorgstenestelova
- Helseberedskapslova
- Helsepersonellova
- Helseregisterlova
- Husleigelova
- Introduksjonslova
- Krisesenterlova
- Kulturlova
- Kulturminnelova
- Opplæringslova
- Pasient og brukaretslova
- Pasientjournallova
- Pasientskadelova
- Psykisk helsevernlova
- Smittevernlova
- Sosialtenestelova
- Spesialisthelsetenestelova
- Stadnamnlova
- Sprøyteromslova
- Tobakkskadelova
- Folketrygdlova
- Friskulelova
- Gjeldsordningslova
- NAV-lova
- Vaksenopplæringslova

Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte

Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:

Kommunelova
Forvaltningslova
Eit (u)tal andre lover

Samandrag/ konklusjon:

Prosjektleiari rår i saka til å vedta delegeringsreglement for Ullensvang kommune. Dette reglementet gjeld delegering frå kommunestyret til andre politiske organ og rådmannen. Det vil truleg kome ei sak som oppdaterer dette reglementet hausten 2019, etter at nytt kommunestyre er konstituert.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv: K2 - X20K3 - &32
Arkivsak ID: 18/1338 - 1
Journalpost ID: 18/18397
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 05.12.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	12.12.2018	050/18

Metode- og kategorival for overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for samfunnstryggleik og beredskap for Ullensvang kommune

Dokumentnr	Tittel
374534	Metode- og kategorival for overordna risiko og sårbarheitsanalyse for beredskapsarbeidet i Ullensvang kommune (1)

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda for Ullensvang kommune vedtek metode- og kategorival for overordna risiko og sårbarheitsanalyse for samfunnstryggleik og beredskap for Ullensvang kommune slik den ligg føre.

Prosjektleiar Ole-Jørgen Jondahl,

Saksbehandlar

Arnved Lund og Stig Hope

Saka gjeld:

Ullensvang kommune plikter etter Sivilbesyttelsesloven å kartleggja kva for uynskte hendingar som kan skje i kommunen, vurdera sannsynet og korleis dei kan råke kommunen. Det gjerast gjennom ein ROS-analyse, og fellesnemnda må vedta val av metode, kategoriar og kategoriverdiar som skal nyttast i analysen.

Saksopplysningar

Kravet til ein heilskapleg overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for

samfunnstryggleik og beredskap er heimla i §14 i Sivilbeskyttelsesloven.

I §2 i forskrift om kommunal beredskapsplikt er kravet til innhaldet i ROS-analysen. Analysen skal som eit minimum innehalde:

- a. Eksisterande og framtidig risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen
- b. Risiko og sårbarheit utanfor kommunen sitt geografiske område som kan vera gjeldande for kommunen
- c. Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverka kvarandre
- d. Særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
- e. Kommunen sin evne til å oppretthalde sin verksemd når den utsettast for ein uynskt hending
- f. Trongen for befolkningsvarsling og evakuering

På bakgrunn av den overordna ROS-analysen skal Ullensvang kommune utarbeide ein overordna beredskapsplan. Den er heimla i Sivilbeskyttelsesloven § 15.

Arbeidet med overordna ROS-analyse for samfunnstryggleik og beredskap er forankra i administrativ hovudgruppe for administrativ organisering, stabsfunksjonar og utvikling av organisasjon og prosjektleiar.

Det er ein målsetnad om at overordna ROS skal vera ferdig til juni og overordna beredskapsplan til november 2019. Arbeidet har starta.

Vurderingar

Vala me gjer av metode og av dei ulike kategoriverdiane (konsekvens og sannsyn) vil verta styrande på kva produkt med sitt igjen med.

Metoden er i korte trekk å identifisera dei uynskte hendingane som kan råke Ullensvang kommune, årsakene til dei og kva konsekvensar dei vil ha. I analysen vil det òg kome fram eksisterande tiltak og framlegg til nye tiltak for å redusera konsekvensane eller sannsynet.

Me har valt å dele konsekvensane opp i fire ulike kategoriar, kor tre av dei er vidare delt opp:

- Liv og helse
 - Dødsfall
 - Skader og sjukdom
- Stabilitet
 - Manglande dekning av grunnleggjande trong
 - Forstyrringar i dagleglivet
- Natur og miljø
 - Skade på naturmiljø
 - Skade på kulturmiljø
- Materielle verdiar

Det er viktig å skilje dei ulike konsekvensane frå kvarandre. Det vil gje grunnlag for prioriteringar i det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Det er ikkje meininga at me skal samanlikne dei ulike konsekvensane, me skal ikkje veie liv og helse opp mot natur og miljø.

Konsekvensane har ein verdi mellom 1-5, kor 1 er minst alvorleg og 5 er mest alvorleg. Det me fyller dei ulike verdiane med vil kunne gje store utslag i analysen. Dersom verdiane er sett for lågt kan me risikera at alle analysane viser for høg og feil risiko. Dersom me sett verdiane for

låg kan me risikera at alle analysane viser for låg og feil risiko.

Alle konsekvensverdiane finst i dokumentet «Metode- og kategorival for samfunnstryggleik og beredskap for Ullensvang kommune». Dei er tilpassa Ullensvang kommune og vurderingane er gjort med bakgrunn i innbyggartal og driftsbudsjett.

Det same prinsippet gjeld for vurderinga av sannsyn. I dette arbeidet vert det nytta omgrep som 100-års hending og 1000-års hending. Omrekna i prosent vil det vera 1 % sannsyn per år for 100-års hendinga og 0,1 % per år sannsyn for 1000-års hendinga. 0,1 % sannsyn for at noko kan skje høyrast lågt ut, men dersom alle kommunane i Noreg var like, utgjer det 40 % sannsyn for at det skal skje i ein av kommunane per år.

Etter å ha vurdert konsekvensane og sannsynet for ei hending, kan me seie noko om risikoen. Kvar hending vert plassert inn i ein tabell på 5x5, ein risikomatrise. Tidlegare har det vore vanleg at ein risikomatrise inneheldt grøn, gul og raud sone. Fargane sa noko om kva som var akseptabel risiko. I metoden som det er lagt opp til har me gått vekk frå det. Me har likevel lagt til grunn å nytta ein raud sone for å synleggjera hendingar som kan ha så store konsekvensar at me må iversetta tiltak.

Grunnen for at me har gått vekk frå grøn og gul sone er at å etablere førehandsbestemte akseptkriterier kan fort verta oppfatta som formelle avgjerderkriterier og kan avgrensa diskusjonar om kva me skal akseptera av risiko og sårbarheit. Det er ikkje gitt at me skal akseptere ein risiko sjølv om den kjem i grøn sone.

I tillegg vil me identifisera kva for nokre kritiske samfunnsfunksjonar som kan verta råka av ei hending, og kva kritiske samfunnsfunksjonar som heng saman. Det vil vera viktig i prioriteringa av dei ulike tiltaka som kjem fram i analysen.

I analysen vil me ikkje berre analysera dei ulike uynskte hendingane, men òg kva dei ulike hendingane har å seie for kvarandre. Det er for at me kan danne oss eit heilheitleg bilete av ein krise, slik at me vidare kan planlegge risikoreduserande tiltak i forkant og under handteringa av ein krise.

Etter at alle analysane er ferdig, vil det vert utarbeidd ein rapport. Rapporten vil innehalde ein overordna skildring av dei ulike uynskte hendingane som er identifisert og analysert. Alle analysane vil verta presentert i ein risikomatrise og kva for kritiske samfunnsfunksjonar som kan verta råka.

Rapporten vil ha eit handlingsprogram som vil vise alle tiltak i prioritert rekkefølge. Tiltaka må arbeidast inn i årshjulet og planverket til Ullensvang kommune.

Rapporten vert politisk handsama av fellesnemnd/nytt kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte økonomiske konsekvensar

Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtaler

Lov om kommuner og fylkeskommune (Kommunelova (kap 8))
Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsetiltak og Sivilforsvaret
(Sivilbeskyttelsesloven)

Forskrift om kommunal beredskapsplikt
Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan og bygningsloven)

Saka skal ekspederast av:	Sakshandsamar
Partsbrev skal sendast til:	Alle relevante partar
	Arkiv



Arkiv: K1 - 14
Arkivsak ID: 18/1011 - 7
Journalpost ID: 18/17348
Saksh.: Harald Grande jr
Dato: 15.11.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	12.12.2018	051/18

Stadfesting av planprogram Kommuneplan for Ullensvang kommune

Dokumentnr	Tittel
374394	Planprogram Ullensvang kommune
374393	Vedlegg planprogram - Grunnlag for utarbeiding av planprogram

Prosjektleder sitt forslag til vedtak:

I tråd med plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 stadfestar fellesnemnda planprogram for samfunnsdelen av ny kommuneplan for Ullensvang kommune.

prosjektleder Ole-Jørgen Jondahl

Bakgrunn for saka:


I samband med samanslåinga av Odda og Jondal kommunar og Ullensvang herad den 01.01.2020 har vi starta arbeidet med ein felles kommuneplan for nye Ullensvang kommune. Arbeidet vert leia av koordinert arbeidsgruppe for kommuneplan, som styrer prosjektstillinga knytt til arbeidet med kommuneplanen.

Ein kommuneplan er eit overordna politisk styringsverktøy for heile kommunen, som tar føre seg alle samfunnstilhøve og samfunnsoppgåver kommunen har. Planen er delt i tre delar; ein samfunnsdel, ein arealdel og ein handlingsplan. I første omgang skal det fokuserast på samfunnsdelen, som legg dei overordna strategiane og stadfestar kommunen sine satsingsområde i eit 16 års perspektiv.

I den samanheng er det utarbeidd eit framlegg til planprogram, som er eit førebuande dokument for arbeidet. Planprogrammet skal seie noko om føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad og behovet for utgreiingar. Dokumentet skal med andre ord skapa eit godt grunnlag for arbeidet som skal gjerast.

I første omgang skal samfunnsdelen utarbeidast. Den er ikkje juridisk bindande, men skal fastsetja overordna mål og strategiar for kommunen og slå fast retningslinjer for korleis ein skal nå måla.

Planprogrammet blir no teke opp til endeleg stadfesting i fellesnemda.



Gjennomgang av innspel:

I høyringsperioden fekk me inn totalt tre innspel, alle frå overordna offentlege instansar. Innspela er lagt i saksframstillinga og er oppsummert med prosjektleiar sine kommentarar under:

Fylkesmannen i Hordaland 31.10.2018:
Innspelet er oppsummert punktvis.

1. Spør om planprogrammet skal gjelda for både samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen eller om det gjeld utelukkande for samfunnsdelen.
2. Det er viktig at sentrale samfunnsforhold som folkehelse, barn og unge, integrering, næringspolitikk og samfunnstryggleik er vektlagt.
3. Meiner nasjonale føringar ikkje er framheva godt nok gjennom planprogrammet sitt kapittel 5.1 og saknar spesielt at sentrale føresegner i plan- og bygningslova, naturmangfaldslova og folkehelselova er nemnde.
4. Saknar kopling til samfunnstryggleik som er eit sentralt tema i kommunal planlegging. Det er satt krav om at det skal utarbeidast ein heilskapleg ROS-analyse som tar for seg mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.
5. Påpeikar at det formelt ikkje vart meldt om oppstart for planarbeidet då §11-11 ikkje var nemnd i oversendinga.

Prosjektleder sine kommentarer:

1. Planprogrammet gjeld for samfunnsdelen av kommuneplanen. Arbeidet med arealdelen blir starta så snart ein har gode føringar og mål gjennom arbeidet med samfunnsdelen.
2. Prosjektleder er einig i at dette er svært viktige tema og har som intensjon å fokusera på og vurdera desse gjennom heile samfunnsdelen.
3. Prosjektleder er einig i at punkt 5.1 kan sjåast som noko tynt i planprogrammet. Punktet er derfor bearbeidd til endeleg stadfesting der me har tatt med blant anna sentrale lovverk.
4. Me kunne ha vore klarare rundt samfunnstryggleik i planprogrammet. Det er difor lagt til eit eige punkt om temaet og arbeidet som pågår her som igjen skal implementerast i samfunnsdelen av kommuneplanen.
5. Dette var ein glipp frå administrasjonen si side. Utsendinga skal sjølvstendig og reknast som ei melding om oppstart for samfunnsdelen av kommuneplanen. Administrasjonen ser ikkje nokon utfordringar med dette og vil ikkje varsle planarbeidet på nytt, alle kriteria for oppstart av kommuneplanarbeidet vart oppfylt gjennom denne høyringa.

Statens vegvesen 14.11.2018:

Innspelet er summert punktvis:

1. Tar opp at større samferdsleprosjekt er vanskelege for kommunen å gjennomføra på eige hand, da er det viktig at kommunen har ein klar prioriteringsplan for kva ein ynskjer og korleis ein kan finansiera prosjekta. Når det gjeld mindre prosjekt og tiltak anbefaler vegvesenet at kommunen utarbeider ein trafikktryggleiksplan med både fysiske og haldningskapande tiltak.
2. Meiner ein bør satsa på ein arealbruk som forsterkar alternativa til privatbilen. Det vil seie at ein i hovudsak legger til rette for blant anna bustadbygging rundt eksisterande strukturer med god vegstandard, gang- og sykkelveg og kollektivtilbod.
3. Framtidig næringsutvikling må leggast til stadar som er i stand til å handtera auka mengde tungtransport. Den auka turismen bør bety at ein også lagar ein strategi for gode servicetilbod som rasteplassar, som igjen legg eit godt grunnlag for samarbeid mellom kommune og veigar.

Prosjektleder sin kommentar:

1. Eit av måla for kommuneplanen innan samferdsle er å laga ei klar prioriteringsliste for større infrastrukturprosjekt i kommunen. Lista skal spesielt basera seg på prosjekt med medverknad frå kommunen sitt næringsliv og langsiktige val for overordna val av trasè mellom kommunen og omland.
2. Eit svært viktig poeng med tanke på klima, folkehelse og trivsel. Klarer ein å gjennomføra dette på ein god måte vil kommunen og stå fram som meir attraktivt spesielt for yngre generasjonar, som ynskjer attraktive sentra og er avhengig av gode løysingar for mjuke trafikantar og kollektivtransport.
3. Gjennom kommuneplanarbeidet skal det lagast ei prioriteringsliste over ønska samferdslesprosjekt. Medverknad med næringslivet blir sentralt i dette arbeidet og såleis vil også dette punktet vurderast gjennom arbeidet.

Hordaland fylkeskommune 14.11.2018:

Innspelet er summert opp punktvis:

1. Meinar ein ikkje skal vektleggja dei tre eksisterande kommuneplanane for mykje, då ein no har mogeligheita til å fatta ein ny og samla retning for den nye kommunen.
2. Er samde i at bustadstrategien vil få store ringverknader for den framtidige utviklinga i Ullensvang kommune og vil påverka fleire andre samfunnstema. Dei trekker også fram korleis *regional plan for attraktive senter i Hordaland* vil spela ei sentrale rolle for dette og dei to andre hovedtema..
3. Det er viktig at kommunen lokaliserer nye bustad- og næringsområder med mål om fortetting.
4. At klimatilpassing og reduksjon i utslipp takast inn tidlig i prosessen for å skaffe et tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag for å gjøre effektive tiltak gjennom kommuneplanen. Dei tilrår også å besøke www.miljostatus.no/tema/klima/norske-klimagassutslipp/klimagassutslipp-kommune/#menu som gir et oversiktsbilde over utslipp i kvar enkelt kommune.
5. Ullensvang kommune ligg i eit område med store potensielle naturfarer. Det er viktig at kommunen tenker strategisk for å førebygge og redusere eksisterande risiko. Ein skal og vurdere korleis endringar i klima kan påverke samfunnssikkerheten i framtida.
6. Gjennom arbeidet med kommuneplan skal det kartleggast ei oversikt over dei viktigaste negative og positive påverknadsfaktorane for folkehelsa. Fylkeskommunen er positive til at det utarbeidast ein strategi for frivillig arbeid og samspel.
7. Kommunen bør ha fokus på barn og unge, og stå fram som attraktive for menneskjer i småbarnsfasen av livet.
8. Kommunen bør tenka langsiktig med tanke på næringsliv og forsøka å skapa ein kultur for entreprenørskap. Kommunen bør ha en strategi som syt for at vi alltid liggje i forkant og ikkje må driva med kontinuerlig brannslukking. Ein bør og leggja til rette for det grønne skiftet, som bør vere eit av fokuspunkta innanfor næringsutvikling.
9. Påpeiker at kultur og levande sentre vil byggje opp under reiselivsutviklinga. Det er og viktig at trolltunga løftas vidare fram som produkt, da det gir ringverknader for heile kommunen.
10. Kommuneplanen bør ha klare målsettingar knytt til å ivareta jordressursane best mogleg. I tillegg bør ein ha andre strategiar for til dømes produktutvikling, lokalmat og koplinga mellom landbruk og reiseliv. Ein bør ha tre underliggende hovudtankar i strategien innanfor landbruk; Styrka lønnsemd, auka produksjon og rekruttering til landbruket.
11. Det er viktig at kulturminner vert ein integrert del av dei overordna planane, der dei bør framhevast som ein sentral kjelde til næring og lokal utvikling, samt trivsel og folkehelse. Det bør derfor utarbeidast ein felles kulturminneplan med mål om å finna ei god vekting mellom vern og bruk.

Prosjektleder sin kommentar:

1. Punktet er tatt med for vise at eksisterande planmaterieell for dei tre kommunane blir tatt med i arbeidet. Er elles einig i kva fylkeskommunen skriv og har revidert punkt 5.3 i planprogrammet på grunnlag av innspelet.
2. Er einig i at regional plan for attraktive senter i Hordaland vil spela ei sentrale rolle for alle hovudtema gitt i planprogrammet, da spesielt bustadstrategien.
3. Det er viktig for mange av kommunen sine innbyggjarar at det er ein balansegang mellom bygd og by. Her gjeld det å finna den balansen, samstundes som ein legg hovuddelen av utviklinga til bygder og by som har eit godt servicetilbod og som kan

gi ein positiv effekt på folkehelsa og klimarekneskapen til kommunen. Hovudformålet er å skapa positive og gode bumiljø for alle, noko som ofte er samanfallande med berekraftige bumiljø.

4. Klimatilpassing og -medvit er eit viktig tema som blir teke med og vurderast i heile kommuneplanarbeidet. Konsekvensane for alle tiltak skal vurderast opp mot klima.
5. Arbeidet med ein heilskapleg ROS-analyse for kommunen er starta. Det er viktig at me gjennom kommuneplanen klarer å produsera langsiktige strategiar og mål med klare prioriteringar på korleis me førebygg og reduserer risikoen for uønska hendingar. Temaet er svært utfordrande for kommunen og store område er allereie bandlagde på grunn av naturfarer.
6. Arbeidet med eit heilskapleg oversyn over kommunen si folkehelse vil starte opp snarleg etter stadfestinga av planprogrammet. Det ligg allereie føre mykje data på feltet.
7. Dette er ei fokusgruppe for kommunen, då me opplever befolkningsnedgang. Langsiktige strategiar for å gjera kommunen attraktiv for småbarnsfamiliar er derfor eit satsingsområde. For å gjera dette må barna stå i fokus.
8. Kulturbygging er viktig innanfor alle samfunnsgrupper i kommunen, både innan organisasjonen og utforbi. Dette blir viktig for kommuneplanarbeidet, da spesielt innan arbeid med næringsutvikling. Det er også eit mål å vera i forkant, langsiktige strategiar med fokus på god planlegging blir ein nøkkel her.
9. Grunnen til at kultur og reiseliv er sett i saman i eit hovudtema i planprogram er nettopp for å forsøka å løfta fram synergiane det kan gje, og for å skapa liv og attraktive stadar i sentra der innbyggjarar kan møta turistar. Innanfor dette temaet er det og naturleg at kulturminne kjem inn, der ein ser på rolla dei kan spela for innbyggjarane reiselivet i kommunen.
10. Synergier mellom landbruket, kulturlandskapet og reiselivet er ein verdi som kommunen også ser potensialet for og me vil difor sjå på mogeligheitene for å vidareutvikla det gjennom kommuneplanen. Dette igjen kan gjera landbruket meir attraktivt enn før og gje det ein høgare verdi, som kan gjera fokus på jordvern enklare å forsvare. Bevaring av eksisterande og potensielt jordbruksareal vil difor vera viktig for kommunen. Noko som ytterlegare understrekar at framtidig utvikling innanfor næring og bustad bør koma i tilknytning til eksisterande busetnad og servicetilbod.
11. Kulturminna våre vil spela ei stor rolle for framtidig kultur- og reiselivsutvikling i kommunen. Det er viktig at kommuneplanen fastset positive langsiktige utviklingstrekk her, og at arbeider for å oppnå ein god balanse mellom vern og bruk, slik at turistar og innbyggjarane kan verdsette kommunen si kulturhistorie.

Prosjektlear si vurdering:

Utarbeiding av planprogrammet

Arbeidet vart starta i juni og har i stor grad vore ei kartlegging av dei tre kommunane og arbeidet til dei mange tverrkommunale arbeidsgruppene, som er oppretta i samband med samanslåinga. Under kartlegginga vart kommunen sine samfunnsområde delt opp i tema som synt i vedlegg 1. Ut frå kva ein fann vart det vald tre hovudsatsingsområde for kommuneplanarbeidet: Bustadsamansetning, Kultur og reiselivssatsing og næringstilrettelegging. Dei tema som er valde blir som ein raud tråd gjennom kommuneplanarbeidet og vil leggja premiss for andre store tema som t.d. samferdsle, oppvekst og helse. Ein har heller ikkje teke opp vanlege tema som folkehelse, miljø og universell utforming, då desse tema går inn under dei hovudtema som er valde.

Framlegget til planprogrammet er utarbeidd på kort tid og i ein periode der mange er på ferie. Det har difor vore utfordrande å få inn naudsynt bakgrunnsinformasjon. Prosjektlear meiner

likevel at resultatet er godt og at hovudmåla som er sette speglar behova den nye kommunen vil få inn i neste kommuneplanperiode. Ein må likevel vere open for at utgangspunkta kan endrast. Å lage ein kommuneplan for tre kommunar, som skal bli ein, er utfordrande og uføresette tilhøve vil kome fram gjennom prosessen.

Hovudtankar og ønska resultat

Prosjektleiari sine hovudmål for kommuneplanarbeidet er å laga ein plan som er enkel å følgja og som gjev klare prioriteringar for den nye kommunen i åra som kjem. Planprosessen og endeleg resultat skal vera enkelt å forstå for alle, og gje innsikt og tryggleik for korleis vår kommune skal utvikle seg framover. Planen skal gjere tøffe prioriteringar og klart vise kor kommunen satsar og kva som blir nedprioritert.

Tankane som ligg til grunn for alle vurderingar til samfunnsdelen vil vere:

- Å skape vekst i kommunen både gjennom verdiskaping, tilflytting og livskvalitet.
- Å skape føreseielegheit for innbyggjarane og at dei enkelt kan forstå og føresjå framtida til kommunen og bygda si.
- Å satsa der det gagnar flest mogleg, spesielt barn og unge.
- At måla og prioriteringane som gjerast skal vera bærekraftige, miljømedvitne og gjennomførbare.
- Å vurdere alle tiltak og mål opp mot folkehelse.

Vegen vidare

Arbeidet med å finna ein ny visjon for Ullensvang kommune nærmar seg slutten. Folkemøta er gjennomførde med engasjerte innbyggjarar og visjonsforslaga skal no ut i ei røysting på Facebook og nettsidene våre før endelig val av visjon venteleg vert gjort i neste møte for fellesnemda.

Arbeidet er også i gang med bustadstrategien for den nye kommunen. Målet er at administrasjonen skal ha eit produkt klart for gjennomlesing og diskusjon i neste fellesnemda. Det må og nemnast at noverande prosjektdrivar Harald Grande jr. skal slutte i si stilling. Vegen vidare for kommuneplanarbeidet blir teke opp i eiga sak.

Det er eit mål at samfunnsdelen med tilhøyrande handlingsplan skal vera klar for endeleg godkjenning i første kommunestyre i nye Ullensvang kommune. Då vil den nye kommunen ha eit overordna styringsverktøy som gjev føreseielegheit og effektiv styring frå dag ein.

Saka skal ekpederast av:	Sakshandsamar
Særutskrift skal sendast til:	Alle relevante partar
	Arkiv